

TAXI 1 AS
Postboks 2420 Drotningstveit
5834 BERGEN

Dato: 28.06.2018
Vår ref.: 2015/2797-40
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Vedrørande avslag på søknad om permanent endring av vilkår

Me viser til Taxi 1 si klage på avslag om permanent endring av vilkår dagsett 11.06.2018. Taxi 1 set subsidiært fram justert/korrigert søknad om midlertidig dispensasjon frå krav om storleik 10-17 sete.

Taxi 1 skal minimum ha 10 rullestolbilar - 5 stk. rullestolbilar i storleiken 10-17 sete og 5 stk. rullestolbilar i storleiken inntil 9 sete.

Taxi 1 fekk midlertidig dispensasjon frå krav til rullestol for 8 stk. løyve i vedtak 16.04.2018 med følgjande ordlyd:

«Søknad av 09.03.2018 om midlertidig dispensasjon frå krav om rullestoltransport på 8 stk. drosjeløyve eigd av Taxi 1 AS vert innvilga. Midlertidig dispensasjon for 8 stk. drosjeløyve gjeld fram til leveranse av elektriske rullestolbilar, men ikkje lenger enn ut 2019.»

Det går ikkje fram av ordlyden i vedtaket at det er gitt dispensasjon for storleiken på bil. **Løyvestyresmakta stadfestar derfor at den midlertidige dispensasjonen frå krav til rullestol òg gjeld midlertidig dispensasjon frå krav til storleik 10-17 sete.**

I dispensasjonsperioden skal Taxi 1 ha minimum 2 stk. rullestolbilar i drift – 1 stk. rullestolbil i storleik 10-17 sete og 1 stk. rullestolbil i storleik inntil 9 sete.

Løyvestyresmakta ber Taxi 1 gi tilbakemelding innan 05.07.2018 om selskapet held fast på klage over avslag om permanent endring av vilkår.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.